



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 22.05.2018

Sak nr.: 18/55-10

Internt l.nr.: 28281/18

Sak: 25/18

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 22. mai 2018.**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
 - a. FR Utdannings- og yrkesrådgiving i vgs
Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan utdannings- og yrkesrådgiving i vgs og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Den er enno ikkje heilt ferdig og ny frist for levering vert sett til 20.08.2018.
 - b. FR Reiseliv
Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan reiseliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.
Dette arbeidet er så langt i rute.
 - c. HMT og inkluderande arbeidsliv
Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Dette arbeidet er så langt i rute.

Kontrollutvalet tok informasjonen frå Deloitte til orientering.

2. Orientering frå leiar i kontrollutvalet
 - a. Grunna leiar i kontrollutvalet sitt forfall til møtet orienterte sekretariatet om at kontrakt med sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er forlenga ut juni månad 2018.
 - b. Nestleiar i kontrollutvalet orienterte om at han og leiar i kontrollutvalet skal ha dialogmøte med SEKOM og Vest-kontroll 28.05.2018.

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

3. Orientering frå sekretariatet
 - a. Møte i KU 28.08.2018
Sekretariatet opplyste om at dersom sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune fortsatt skal vera sekretær for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune etter sumarferien må vi finna ein ny dato for møtet 28.08.2018 då det kolliderer med anna møte som er avtalt. Dette vert vurdert endeleg i møte 04.06.2018.

- b. Folkevaldopplæring
Sekretariatet opplyste om at felles folkevaldopplæring for kontrollutvala i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal skal heldast 8. – 9. januar 2019 eller 9. – 10. januar 2019.

Kontrollutvalet tok informasjonen frå sekretariatet til orientering.

4. Vedtak i TING 17.04.2018

- a. Forvaltningsrevisjon innkjøp

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

- b. Forvaltningsrevisjon musea

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

5. Vedtak i fellesnemnda 04.05.2018

- a. Val av sekretariatsordning

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

- b. Omstillingsavtale

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.